



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 10. januar 2024

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje.

Opning og velkommen til Inger Cecilie. Ho les tekst og ber ei bøn for møtet.

Ei runde med presentasjon av medlemmane i soknerådet.

Godkjenning av innkalling, referat frå 18. oktober og sakliste.

Meldingssaker:

01/24: Sidan sist

25.okt. Mat og Prat: Godt oppmøte (rundt 20 stk) og veldig kjekt. Kveldsmåltid og Geir Sørebo samtala med Helena Vos med tema «trua og tvilen». Vi har fått gode tilbakemeldingar etter denne kvelden.

4. nov. Aktivitetsdag på Alværa: Håpte å få med folk frå andre sokn, men det var kun oppmøtte frå Lavik. Kunne kanskje kalla det familiedag neste gong. Kjekk dag med samling med lystenning, leik og rollespel. Fri-leik etterpå med teikning, spel osv. Pølse med brød til mat.

29. nov. Myldresamling: 8 oppmøtte. Jesus-forteljning og kveldsmåltid etterpå.

3. des. Lysmesse: Konfirmantane deltok i gudstenesta. Ok oppmøte.

6. des. Salmekveld: Vi syng jula inn. 35-40 oppmøtte. Fjordbrass spelte, og Katrin og Britt-Astrid deltok musikalsk.

24. des. Familiegudsteneste julaftan: Barna i kyrkja deltok i julespel, Katrin spelte piano og andre medverka musikalsk. Karl Hjelmeland leia gudstenesta. 56 oppmøtte.

02/24: Planlagde aktivitetar

Tårnagent-samling: 20.-21. jan. i kyrkja. Eldrun lagar suppe.

Minikonfirmantsamling: Kjem til å ha det på kyrkjekontoret. Datoar: 30. januar, 13. februar, 27. februar, 5. mars, 9. april. Minikonfirmantleir 19. – 21. april.

Myldresamling: Datoar: 24. januar, 7. februar, 6. mars, 10. april. Kjem til å gjere det slik vi har gjort, der dei vaksne som er med barna hjelper til. Kveldsmåltid.

03/24: Helgestunder.

Leiar oppfordrar til å ta bilete og sende inn dersom det er noko ein har lyst å skrive i Helgestunder.

Vi har også fått innspel frå lesar om å ha med fødselsdato på dødsannonsene. Torill skal ta dette vidare.

04/24: Kyrkjebenkane

Soknerådet har søkt om å fjerne 4 av kyrkjebenkane slik at det vert lettare å bruke kyrkja til til dømes konsert. Det fekk vi berre delvis lov til. Første og siste benk på venstre side kan vi fjerne.

Vi fjernar i første omgang første benken framme på venstre side. Den bakerste benken på venstre side, som vi også har fått lov å fjerne, vert det litt meir komplisert å fjerne då det er ein varmeovn under denne. Vi har inga løysing på dette no, og det vert også i tilfelle eit kostnadsspørsmål.

Kva gjer vi med benken som vi fjernar? Målet blir å få benken ut før påske. Vi skal forhøyre oss lokalt i Lavik om nokon han vil ha den. Vi har ingen plass å oppbevare den.

Vedtakssaker:

01/24: Gudstenester vinter/vår – kyrkjevert/klokkar – Kva type gudsteneste?

21. januar, klokka 1100, Tårnagentgudsteneste: Eldrun er kyrkjevert og Torunn og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi.

11. februar, klokka 1700, Gudsteneste: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi.

10. mars, klokka 1800, Samtalegudsteneste: Katrin og Toril er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi.

28. mars, klokka 1800, Påskemåltidet Skjærtorsdag: Torunn og Toril tek ansvar.

31. mars, klokka 1100, Høgtidsgudsteneste: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi. Utfordrar barn til å delta i gudstenesta med tekstlesing og tenning av lys.

02/24: Planlegging av aktivitetar vinteren

Mat og Prat: 14. februar, klokka 1800. Har ein ny kandidat som Geir tek kontakt med. Regine, Torunn og Katrin lagar mat. Regine lagar plakat og heng opp på butikken, på helsesenteret og ved kyrkja. Toril legg plakaten ut på Facebook.

Årsfest og årsmøte på Alværa : onsdag 20. mars, klokka 1700. Kjøttkaker og pølse med brød. Musikkinnslag og Olav lagar quiz.

Fasteaksjonen 2024: 17. – 19. mars. Katrin og Toril forbereder bøssebæring og engasjerer konfirmantane.

Påskeaktivitet for heile familien: Påskevandring rundt kyrkja, med oppgåver for både konfirmantane og yngre barn. Premie (pose med påskesnop) til ein av deltakarane.

Soknerådsmøter vinter/vår 2024 - 28. februar klokka 1800 og 16. april klokka 1800.

03/24: Økonomisk støtte til leir, leiarkurs og minikonfirmantleir

Det har kome søknad om økonomisk leirstøtte. Difor tek vi opp dette no.

I januar skal NMSU ha leiarhelg på Alværa. Deltakarane har blitt oppmoda om å søke støtte frå det lokale soknerådet. Pris for leiarhelga: kr 700,- (for NMSU- medl. 550,-)

19-21. april skal det vere minikonfirmantleir på Alværa. Minikonfirmant er ein del av trusopplæringstilbodet i Lavik. Til vanleg er dei faste trusopplæringstiltaka gratis. Tidlegare har dei som har vore på minikonfirmantleiren, betalt ein eigenandel som utgjør halve kostnaden. Pris for minikonfirmantleiren 2024 er kr 750.- pr person.

Toril informerar om konfirmant-utgifter, og foreslår at foreldre betalar ein sum på 800,- for å dekke noko av kostnaden.

Vedtak: Vi aukar leirstøtte frå 200,- til 300,-. Soknerådet støttar deltakarar frå Lavik på leirleiarkurset med 350,-. Soknerådet subsidierer minikonfirmantleir og eigenandelen blir 375,-. Konfirmantforeldre betalar 800,-.

Ymse:

Andakt på helsesenteret: 1. februar 7. mars, 4. april og 2. mai. Vi skal prøve å engasjere konfirmantane i andakt på helsesenteret 1. februar.

Toril informerer om Friskus. Ei nettside der alt av aktivitetar i kommunen ligg inne. Her kan vi finne alt av aktivitetar og følge det ein vil. Vi kjem til å bruke dette, men halde fram med info i Messenger-grupper og på Facebook framleis.

Lavik 10.januar 2024

Regine Borlaug Pettersen

Skrivar